

Ettermiddagstur til bygdeborga på Grønliheia

Onsdag 8.juni arrangerte historielaget tur til det som mange meiner må vera ei bygdeborg. Steinformasjonen ligg ved Roe på Grønliheia, i grenseland mellom gamle Eidsborg og Lårdal herad, i noverande Tokke kommune. Med på turen var 15 interesserte frå både Åmot, Høydalsmo, Dalen, Seljord og Rauland. Magne Ljosdal er ein levande og god formidlar som gav oss eit spennande og godt innblikk i mysteriet som ligg godt gøymt mellom desse steinformasjonane. Bygd opp rundt ei naturleg oppkome og i dag overgrodd og delvis skjult av vindfeller og mose, ikkje langt frå den travle trafikken på E134.

Det er knytt både segner, spekulasjonar og faglege diskusjonar til bygdeborgene og i andre delar av landet er det blitt gjort arkeologiske utgravingar med nokså nøyaktig datering, slik at ein også til ein viss grad kan knytte ein funksjon til steinformasjonane. På UiO sine sider (sjå lenke under) finn ein at dei fleste bygdeborger ligg på Austlandet og i Sørvest-Noreg, men kanskje finn vi ein av desse borgene nettopp her på Grønliheia også? Om det no er ei bygdeborg, blei den nok bygd i perioden mellom 500 fvt. og 500 evt. altså i løpet av jernalder eller folkevandringstid. Kva var det så som lokka dei til å legge stein på stein for å lage seg det som ser ut som eit forsvarsverk? Det er ingen ting som tyder på at det har blitt drive utstrakt jordbruk i dette området, som er prega av endelause myrer og bratte koller. Kva som har vore bruksområdet og kvifor den likevel ligg akkurat her på Roe er sjølv sagt svært usikkert, men ein av teoriane er at den hadde ein slags tollfunksjon. I denne perioden var det svært aktiv utvinning av jern i øvre delar av fylket og vegen frå Møsstrand/Rauland og nedover mot kysten gjekk der hovudferdselsåra går også i dag, langs E134. Her frakta folk dyrebar last og det kan ha vore freistande å krevje noko av dei for å sleppe dei forbi. Kanskje var det til og med landevegsrøvarar som hadde laga seg ei borg her?

Rett ved eine sida av steinformasjonane ligg restane etter det som ein gang var den vesle garden Roe. Den siste som budde her var Lars Roe og han flytta herifrå for om lag to hundre år sidan. Fram til årtusenskiftet har restane etter ei eventuell bygdeborg fått kvile i fred, men dei siste tjue åra har Ljosdal, Jon Grønli og fleire andre prøvd å få steinane datert og historia til det som ein trur kan vera ei bygdeborg verifisert og kasta ljøs over.

[https://www.norghistorie.no/studere-fortid/arkeologi/K0711-jernalderens-borger.html?fbclid=IwAR1l\\_tlHV92OYvWHDY1poC5VYEmpikhC1MAuq2mWPZDnzYbf4ar9q1B5JO](https://www.norghistorie.no/studere-fortid/arkeologi/K0711-jernalderens-borger.html?fbclid=IwAR1l_tlHV92OYvWHDY1poC5VYEmpikhC1MAuq2mWPZDnzYbf4ar9q1B5JO)